

Samar i dag

Samane er urfolket i Noreg. Dei busette seg i nord for fleire tusen år sidan. Området dei slo seg ned i vert kalla Sápmi, og tyder «samisk land».

Det strekkjer seg over nordlege delar av Noreg, Sverige, Finland og Russland.

I dag bur dei fleste samar i Sápmi. Det bur òg mange samar i andre delar av landet.

Før levde samane av naturen. Dei jakta, fiska og fanga dyr.

Reindrift var òg viktig. Reinen gav mat, klede, reiskapar og transport. I dag har dei fleste samar andre jobbar.



Sametinget.

Samane har sitt eige folkevalde råd som heiter Sametinget. Det arbeider for å styrkje samisk språk, kultur og rettar.

Samane har sin eigen nasjonaldag. Den heiter samenes nasjonaldag og vert feira 6. februar.

Spørsmål til teksten:

1. Kva er Sápmi?

2. Kvar bur samane i dag?

3. Kva arbeidar Sametinget for?

4. Kva dato er samenes nasjonaldag?
